



Berit Alette Bjørge  
Haukeberget 20  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14895 - 21/25712

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
15.04.2021

## Avslutning av sak - gbnr 244/24 Eidsnes indre

Viser til vårt brev av 29.09.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding om at det var registrert avvik på septiktanken på eigedommen din med adresse Eidsnesvegen 173, 5913 Eikangervåg. Viser og til e-post korrespondanse frå dykk den 04.10.2020 med informasjon og med biletedokumentasjon av tilhøva i og rundt tanken.

I brev av 14.04.2021 ber vi om tilbakemelding med omsyn til kva for tømmeavtale som forelegg.

Alver kommune har i dag motteke telefon frå Erik Falck Notevarp og har inngått avtale med han om oppretting av ny tømmeavtale med tømmefrekvens kvart fjerde år, som er kravet for fritidsbustader.

Norva24 AS og NGIR er informert om dette i e-post frå kommunen.

Første tømning for eigedommar i dykkar område skal skje i perioden august til november i 2022. I samråd med Norva24 AS har vi valgt å utsette den første tømninga til den planlagde tømmeperioden i **2026**, då informasjon frå Notevarp er at tanken dykkar har stor kapasitet.

For nærare informasjon om tømning av septiktankar viser vi til Norva24 AS si nettside [www.mintank.no](http://www.mintank.no).

Saka vert med dette avslutta.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Erik Falck Notevarp

Haukeberget 20

5119

ULSET

**Mottakarar:**

Berit Alette Bjørge

Haukeberget 20

5119

ULSET